

## 7 frå Bayern falt for Uskedalen!

19.04.2010



Klårt for fiske måndag! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Steinar Myklebust på Rabben har vore litt utålmodig etter påske. Han har venta med lengsel og litt smerte på at kommunen endeleg skulle koma igang med kloakkarbeidet på området.**

**Grunnen har vore at han venta turist-innrykk frå Bayern og han ville ikkje at dei skulle ha gravemaskiner framfor vindauga..**

**Og det var ikkje hvilket som helst innrykk. Det var nokre av Rabben sine beste og mest trufaste turistar som skulle koma.**

Gruppa kom torsdag og skal vera her i 10 dagar. Den består av 7 velvaksne karar med ein stor lidenskap i livet - og den er å fiska!

Karane er alle frå St. Oswald-Riedelhuette som ligg ikkje så langt frå grensa til Austerrike - i nærleiken av Passau.

Så trufaste har karane vore at dei fortener å få 'Uskedalen-rekneskapen' sin på trykk: Fritz Süss 10 gonger, Josef Resch 9 gonger, Werner Pinker 8 gonger, Sigfried Kraus 5 gonger, Josef Pauli 3 gonger, Frank Keller 3 gonger og Hans Praml 2 gonger.

Og så kjem det naturlege spørsmål:- Kvifor Uskedalen og kvifor Rabben?

Svaret er unisont: - Her opplever vi det enkle, opprinnelege Noreg, utan nokon luksus. Samstundes er fisket bra.

Som ein forstår er karane fjordfiskarar og det er mest sei, torsk og lange dei trekk opp i Steinar sine båtar for nedfrysing og vidaretransport den lange vegen til Bayern.- Og kor er dei beste fiskeplassane?- Der ute, svarar karane og peikar utover mot Gavelen. Og dei legg til: - Det bit best rundt tre øyer som vi ikkje veit namnet på..

Så kliv dei ombord og gjer det klårt at dei ikkje kjem att før til kvelds - uansett kva vergudane måtte finna på!

Av Ola Matti Mathisen